



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 19.03.2018
Tid: 09:05 - 09:40

Medlemer som møtte:

| | | |
|-------------------------|-----------|-----|
| Kari-Anne Landro | Leiar | H |
| Marianne Sandahl Bjorøy | Nestleiar | AP |
| Børge Haugetun | Nestleiar | TVØ |
| Egil Haaland | Medlem | AP |
| Ernst Morten Einarsen | Medlem | H |
| Odd Bjarne Skogestad | Medlem | KRF |
| Svein Petter Bergh | Medlem | SL |
| Olav Kobbeltveit | Medlem | V |
| Nils Kåre Skoge | Medlem | H |
| May Elin Limevåg | Medlem | FRP |
| Jøgeir Sognnæs | Medlem | AP |
| Kjell Arve Vorland | Medlem | SP |
| Silvia Haugland | Medlem | TVØ |
| Espen Harkestad | Medlem | AP |
| Ingrid Marie Toft | Medlem | H |

Forfall:

| | | |
|--------------------------|------|-----|
| Anita Garlid Johannessen | MEDL | FRP |
| Tom Georg Indrevik | MEDL | H |

Varamedlemer som møtte:

| | | |
|-----------------------|------------------------------|-----|
| Helena Morland Hansen | for Tom Georg Indrevik | H |
| Daniel-Victor Sandvik | for Anita Garlid Johannessen | FRP |

Andre:

Prosjektleiar Paul J. Manger, møtesekretær Unni Rygg.

Børge Haugetun

Kari-Anne Landro

underskrifter

Marianne Sandahl Bjorøy

SAKSLISTE

| Saksnr | Innhald |
|----------|--|
| PS 19/18 | Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok |
| PS 20/18 | Referatsaker og orienteringar |
| PS 21/18 | Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda |
| PS 22/18 | Val av leverandør for kommunal tenestepensjon for Nye Øygarden kommune |
| PS 23/18 | Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2018-2019 |
| PS 24/18 | Prinsippavklaring - grensesnitt mellom prosjektøkonomi og driftsøkonomi i dei eksisterande kommunane |
| PS 25/18 | Nye gebyr for tekniske tenester - oppnemning av politisk referansegruppe |

PS 19/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Innkalling og protokoll frå førre møte, 19.02.2018, vart godkjente utan merknadar.

Sakslista vart godkjent med følgjande merknad;

Leiar Kari-Anne Landro viste til at ho, på slutten av møtet, vil orientere om medarbeidarsamtale med prosjektleiar Paul J. Manger og bad såleis om å få lukke møtet under denne orienteringssaka jf. offentleglova § 25. Resten av fellesnemnda slutta seg til Landro sitt forslag.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

PS 20/18 Referatsaker og orienteringar

- Status frå prosjektleiar;
 - Generelt
 - Arbeid med overordna plan for prosjekt Nye Øygarden kommune
 - Arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevarpolitikk
 - Erfaringsseminar i regi av KS arrangert 11. og 12. april 2018
 - Studietur København 28.-29. mai 2018

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Orienteringar

- Status frå prosjektleiar Paul J. Manger;

- *Generelt*
Paul J. Manger viste til magasin som var utarbeidd for dei tilsette i Fjell, Sund og Øygarden kommune, «Øygarden 2020». Det vil lagast fire slike magasin i året fram til kommunesamanslåinga. Manger har elles hatt fleire presentasjonar om prosjektet sidan sist møte, og skal til ungdommens kommunestyre (UKS) 20.03.18. Prosjektleiar har saman med administrasjonen i prosjektet og tillitsvald også vore til stades på rekrutteringsdag i regi av Trainee Vest. Det er gjeve tilbod til ein trainee som har takka ja til å vere i prosjektet Nye Øygarden kommune frå august 2018 til juli 2019.
- *Arbeid med overordna plan for prosjekt Nye Øygarden kommune*
Det vert jobba med å få plass ein overordna framdriftsplan, med datoar, som følgjer opp milepelsplanen og som ser framover mot at eit prosjektstyringsverktøy kjem på plass. Framdriftsplanen vil presenterast for dei tre ordførarane like før påske.
- *Erfaringsseminar i regi av KS arrangert 11. og 12. april 2018*
<http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/erfaringsseminar-om-a-bygge-nye-kommuner/>
Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS og forhandlingssamanslutningane inviterer til seminar om å bygge nye kommunar. Frå Fjell, Sund og Øygarden vil både politisk leiing, administrasjon, tillitsvalte og vernetenesta vere med på seminaret.
- *Studietur København 28.-29. mai 2018*
Manger viste til førebels skisse for fellesnemnda sin studietur til København. Det vert fokus på nærdemokrati; borgarservice; korleis innbyggjarane kan bruke nye tenester; digitale løysingar. I tillegg til interne samlingar så vil fellesnemnda få besøke ulike kommunar som m.a. Gentofte kommune. Manger vil kome tilbake til eit endeleg program når studieturen nærmar seg. Medlemer av fellesnemnda kom med nokre kommentarar til innhaldet i turen som prosjektleiar tek med seg i den vidare planlegginga.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Orienteringar vert tekne til orientering.

PS 21/18 Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemer av fellesnemnda i forkant av møtet, og det vart heller ikkje stilt spørsmål under behandling av saka.

PS 22/18 Val av leverandør for kommunal tenestepensjon for Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda ber om at det vert gjort ei ny analyse av situasjonen i dag og situasjonen for Nye Øygarden kommune når det gjeld communal tenestepensjon. Analysen har bakgrunn i behandlinga i førebuande fellesnemnd i juni 2017, og må innehalda følgjande moment: Økonomi i val av pensjonskasse, risikoar i val av pensjonskasse, demografiske tilhøve no og i framtid, politisk påverknad når val av ordning er gjort og verknadstidspunkt. Krav om eventuell formell drøfting med arbeidstakarorganisasjonane må òg kome fram som ein del av analysen eller den endelege saksutgreiinga.
2. Fellesnemnda ber om at det vert utarbeidd eit mandat for arbeidet saman med ein tidsplan som gjer greie for prosessen i arbeidet. Mandatet må ta for seg spørsmål om høyring, behov for politisk arbeidsgruppe, fellesnemnda og partsamansett utval sine roller i arbeidet. Mandat med tidsplan og prosess vert utarbeidd av prosjektleiar og rådmennene i samarbeid. Fellesnemnda ber om at mandat vert presentert for fellesnemnda.
3. Rådmennene i dei tre kommunane er ansvarleg for bidrag til den nye analysen når fellesnemnda har gjort endegleg vedtak om mandat med tidsplan og prosess.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Marianne Sandahl Bjorøy viste til behov for snarleg utarbeiding av sak til fellesnemnda om pensjonsordning for den nye kommunen, og kom såleis med følgjande framlegg til nye punkt 1-3 som erstattar forslaga i innstillinga:

1. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar, med bakgrunn i gjennomført kartlegging som var lagt fram for førebuande fellesnemnd 16.06.2017, legg fram ei sak for Fellesnemnda om val av pensjonsordning for den nye kommunen. I saksframlegget skal det gjerast greie for fordeler og ulemper knytt til blant anna kostnad, risiko, påverknad og demografi ved val av KLP eller eigen pensjonskasse. Saka skal leggjast fram for Fellesnemnda til vedtak i løpet av hausten 2018.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar legg til rette for medverknad frå tillitsvalte i tråd med avtaleverket. PSU vert styringsgruppe for arbeidet som skal leie fram til ei endegleg sak i fellesnemnda. Innstilling frå PSU må følgja saka til Fellesnemnda.
3. Saka som skal til endegleg handsaming fellesnemnda må ta stilling til verknadstidspunkt for felles pensjonsordning og må ut frå dette skissere kva vedtak som eventuelt er naudsynt i dei einskilde kommunestyra i etterkant av at fellesnemnda har gjort val om pensjonsordning.

Børge Haugetun kom med forslag om ei presisering under Bjørøy sitt framlegg, punkt 1, og ta med ordlyden «mellan anna» i fyrste setning etter fyrste komma. Bjørøy var samd i å ta med denne presiseringa under framlegg til punkt 1.

Innstillinga punkt 1-3 vart satt opp mot framlegget frå Bjørøy om nytt punkt 1-3, inkludert Haugetun si presisering under framlegg til nytt punkt 1. Framlegget frå Bjørøy, inkludert presiseringa frå Haugetun, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

1. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar, mellom anna med bakgrunn i gjennomført kartlegging som var lagt fram for førebuande fellesnemnd 16.06.2017, legg fram ei sak for Fellesnemnda om val av pensjonsordning for den nye kommunen. I saksframlegget skal det gjerast greie for fordeler og ulemper knytt til blant anna kostnad, risiko, påverknad og demografi ved val av KLP eller eigen pensjonskasse. Saka skal leggjast fram for Fellesnemnda til vedtak i løpet av hausten 2018.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar legg til rette for medverknad frå tillitsvalte i tråd med avtaleverket. PSU vert styringsgruppe for arbeidet som skal leie fram til ei endeleg sak i fellesnemnda. Innstilling frå PSU må følgja saka til Fellesnemnda.
3. Saka som skal til endeleg handsaming fellesnemnda må ta stilling til verknadstidspunkt for felles pensjonsordning og må ut frå dette skissere kva vedtak som eventuelt er naudsynt i dei einskilde kommunestyra i etterkant av at fellesnemnda har gjort val om pensjonsordning.

PS 23/18 Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2018-2019

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for fellesnemnda for åra 2018 og 2019. Budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for fellesnemnda for åra 2018 og 2019. Budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden.

PS 24/18 Prinsippavklaring - grensesnitt mellom prosjektøkonomi og driftsøkonomi i dei eksisterande kommunane

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek følgjande grensesnitt mellom prosjektøkonomi i Nye Øygarden kommune og driftsøkonomi i den enkelte kommune, i samsvar med saksutgreiinga:

Kostnadsdekking av ressursar

Prosjektleiarstabben: Frikjøp med finansiering via prosjektmidlar.

Prosjektdeltakarar: Frigjevne av rådmennene og kostnadsført i den enkelte kommune.

Kostnadsdekking av driftsutgifter

Nye Øygarden kommune sine driftsutgifter til kontormøblar, rekvisita, kopimaskin, pc/telefoni, møtemat m.m, vert i hovudsak dekka av prosjektmidlane. Kontorleige og reinhald vert dekka av Fjell kommune.

Prinsippet skal gjelde i samsvar med prosjektplan for organisering av det samla prosjektet med etablering av Nye Øygarden kommune.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Fellesnemnda vedtek følgjande grensesnitt mellom prosjektøkonomi i Nye Øygarden kommune og driftsøkonomi i den enkelte kommune, i samsvar med saksutgreiinga:

Kostnadsdekking av ressursar

Prosjektleiarstabben: Frikjøp med finansiering via prosjektmidlar.

Prosjektdeltakarar: Frigjevne av rådmennene og kostnadsført i den enkelte kommune.

Kostnadsdekking av driftsutgifter

Nye Øygarden kommune sine driftsutgifter til kontormøblar, rekvisita, kopimaskin, pc/telefoni, møtemat m.m, vert i hovudsak dekka av prosjektmidlane. Kontorleige og reinhald vert dekka av Fjell kommune.

Prinsippet skal gjelde i samsvar med prosjektplan for organisering av det samla prosjektet med etablering av Nye Øygarden kommune.

PS 25/18 Nye gebyr for tekniske tenester - oppnemning av politisk referansegruppe

Innstilling:

Fellesnemnd oppnemner følgjande seks personar som politisk referansegruppe for arbeidet med nytt gebyrreglement for tekniske tenester i Nye Øygarden kommune:

.....

.....
.....
.....
.....

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Leiar Kari-Anne Landro viste til at dei tre ordførarane har fungert som valnemnd, og vil kome med framlegg til deltararar i politisk referansegruppe for arbeidet med nytt gebyrreglement for tekniske tenester i Nye Øygarden kommune.

Framlegg frå Kari-Anne Landro om følgjande representantar til referansegruppa frå Sund kommune: Nils Kåre Skoge (H) og May Britt Hevrøy (SP).

Framlegg frå Marianne Sandahl Bjorøy om følgjande representantar til referansegruppa frå Fjell kommune:

Anne Hestnes (AP) og Daniel Victor Sandvik (FrP).

Framlegg frå Børge Haugetun om følgjande representantar til referansegruppa frå Øygarden kommune: Remi Oen (FrP) og Silvia Haugland (TVØ).

Innstillinga, med alle framlegga om representantar til referansegruppa, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.03.2018:

Fellesnemnda oppnemner følgjande seks personar som politisk referansegruppe for arbeidet med nytt gebyrreglement for tekniske tenester i Nye Øygarden kommune:

- Nils Kåre Skoge (H), Sund kommune
- May Britt Hevrøy (SP), Sund kommune
- Anne Hestnes (AP), Fjell kommune
- Daniel Victor Sandvik (FrP), Fjell kommune
- Remi Oen (FrP), Øygarden kommune
- Silvia Haugland (TVØ), Øygarden kommune